



Y Kvinnherad kommune	
09 JUNI 2016	
Saksnr. 16/2176	U.off.:
Saksbeh. TFO	Kopi:

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) arrangerar

Folkemøte om søknad om ny kraftledning og transformatorstasjon

Stad: Jondal ungdomshus, Jonsvoll

Måndag 27. juni 2016 kl. 19.00

Statnett SF og Hardanger Energi AS søkar om å ein ny 66 (132) kV luftledning mellom Mauranger i Kvinnherad kommune og Herand i Jondal kommune.

Statnett SF søker om å byggje ein luftledning på strekinga Mauranger – Jukla – Eidefossen på mellom 21 km og 23 km avhengig av traséval. Traséen er i hovudsak planlagd parallelt med eksisterande luftledningstrasé. Statnett ønsker å rive den eksisterande luftledningen når den nye luftledningen er i drift.

Hardanger Energi søker om å byggje ein ny luftledning mellom Eidefossen og Herand på mellom 8,8 km og 9,7 km avhengig av traséval. Dei søker òg om å byggje ein ny transformatorstasjon ved Herand.

Søknadane vert grunngeve med at det er naudsynt å auke nettkapasiteten for å kunne kople til ny vannkraftproduksjon i nordre Kvinnherad, Jondal og vestre Ullensvang. Forsyningssikkerheten vert òg betre når nettet vert forsterka.

På møtet vil NVE orientere om den formelle handsaminga av søknadane, medan Statnett og Hardanger Energi vil orientere om sine søknadar. Alle er velkomne til møtet. Søknadane er lagd ut til offentleg gjennomsyn på kommunehuset i Jondal og rådhuset i Rosendal.

Dokumenta er også lagt ut elektronisk på www.nve.no/kraftledninger. For nærare opplysningar om søknadane kontakt NVE v/ Lars Seim på tlf. 22 95 98 74 eller Katrine Stenshorne Berg på tlf. 22 95 93 27.

Alle som har meiningar om saka kan sende fråsegn til Noregs vassdrags- og energidirektorat, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo eller nve@nve.no innan **26.08.2016**.

Vel møtt!